



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Kari des Bouvrie, 5557 2022

Vår dato
29.05.2018
Dykkar dato
19.01.2018

Vår referanse
2017/11382 522.5
Dykkar referanse

Frøydis Haugen
Fonnebostvegen 15
5955 LINDÅS

Svar på klage - Erstatning for avlingssvikt 2017 - vekstgruppe grovfôr - Frøydis Haugen - Lindås

Fylkesmannen syner til din klage, oversendt frå Lindås kommune 19. januar 2018. Klaga gjeld erstatning etter avlingssvikt grovfôr i 2017.

Klaga er handsama etter *Forskrift om satser for og beregning av erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon* av 15. september 2015 («satsforskrifta») og *Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon* av 17. januar 2012 («erstatningsforskrifta»)

Vedtak

Føretaket Frøydis Haugen, org. nr. 990188629 får medhald i klaga og får etterbetalt kr. 35 473,- i erstatning etter avlingssvikt i grovfôrproduksjonen i 2017. Erstatninga vert med det fyrste overført til din konto: 9365 22 90467.

Generell informasjon

Føremålet med ordninga er å redusere det økonomiske tapet som oppstår ved produksjonssvikt som kjem av klimatiske tilhøve som det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Det er ikkje føremål å dekkje heile tapet.

Utrekning av erstatningsbeløp: Det vert berre gjeve erstatning for produksjonssvikt ut over eigendelen på 30 % av gjennomsnittsproduksjonen/venta avling. Erstatningssummen vert rekna ut etter ein standard sats på 3,70 kr per fôreining. Det vert ikkje teke omsyn til kor store dei reelle tapa har vore.

Vurdering for føretaket ditt

Skriftleg klaga er sendt inn innan fristen på 3 veker etter du har motteke brevet. Fylkesmannen beklagar at svar på klaga ikkje har komen tidlegare. Vi har prioritert å handsame alle erstatningssøknadane fyrst. Vi veit at det har vore mykje og dels stor avlingssvikt i fylket, og vi har valt å erstatte desse før handsaming av klagesakene.

I klaga argumenterer du for, ved hjelp av utrekning gjort Norsk Landbruks Rådgivning, at normalavling på bruket ligg høgare enn kva som vart lagt til grunn i utgangspunktet. Lindås kommune og Norsk Landbruks Rådgivning vurderer at eit normalt avlingsnivå for føretaket ditt ligg på kring 350 FEM/daa. Dette er 68 % av normavling satt av Landbruksdirektoratet. Fylkesmannen vil legge dette til grunn for erstatningsutmåling. Det vert justert for reel normal avlingsnivå ved å setje klimaprocent til 68.

Dette gjev følgande utslag i erstatningsutrekning:

Erstatningsberegning	
Forventet avling FEm i skadeåret (normavling x avling i skadeåret)	86 650
Trekk 30 % egen risiko, FEm	25 995
Trekk i avling i skadeåret (oppmålt fôrlager – overlagret fôr + solgt grovfôr + fôropptak på grovfôrarealet), FEm	22 306
Avlingssvik i skadeåret i FEm	-38 349
Avlingssvik som skyldes klima i %	68
Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, FEm	-26 077
Erstatningssats, kr. pr FEm	3,7
Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, kr.	-96 486
Samlet erstatningsgrunnlaget, kr.	96 486

	Erstatning i kroner
Grunnlag etter avkorting, kr.	96 486,-
Utbetalt under sakshandsaming	-61 013,-
Tilkjent erstatning, kr.	35 473,-

Klagerett

Du kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at du fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til kommunen din. Kommunen skal kome med uttale til saka og sende vidare til Fylkesmannen. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klaga til følgje, vert klaga handsama vidare av Landbruksdirektoratet. Klaga bør vera grunngjeve, jf. § 32 i forvaltningslova. Spørsmål kan rettast til landbruksforvaltninga i kommunen eller til saksbehandlar hos fylkesmannen.

Med helsing,

Åse Vaag
landbruksdirektør

Kari des Bouvrie
rådgjevar husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO